



Kontroll med radioaktive kjelder

Statens strålevern mottok ofte meldingar om ulike hendingar med radioaktive kjelder i Noreg som på ein eller annan måte har kome bort eller ut av kontroll. Verksemdar som nyttar radioaktive kjelder vert oppfordra til kontinuerleg å vurdere risikoen for at kjelder kan kome på avvege. Om ei vurdering viser at ein slik risiko ligg føre, skal verksemda setje i verk høvelege tiltak for å unngå denne type hendingar eller gjere dei mindre sannsynlege.



Ulike radioaktive kjelder.

I alle verksemdar der det vert brukt radioaktive kjelder kan det oppstå uhell og ulykker som er knytt til bruken av strålekjeldene. Slike hendingar krev tiltak for å avgrense eventuelle skadelege følgjer. Dette fører til behov for planlegging av korleis ei hending eller ulykke skal handterast. Uhell eller ulykker kan få verknader ikkje berre innanfor verksemda, men og for personar i nærområda og miljøet generelt. I strålevernforskrifta er det stilt ulike krav til bruk, kontroll med og lagring av radioaktive kjelder.

Kompetanse

Verksemdar skal sikre at tilsette som skal arbeide med radioaktive kjelder har naudsynt kompetanse om strålevern og sikker bruk av strålekjelder og måle- og verneutstyr. Det skal og utarbeidast skriftlege instruksar og arbeidsprosedyrar som sikrar både forsvarleg bruk og eit forsvarleg strålevern (jf. strålevernforskrifta § 7).

Fysisk sikring av radioaktive kjelder

Ei verksemd som brukar radioaktive kjelder pliktar å ha oversikt og kontroll over dei radioaktive kjeldene (jf. strålevernforskrifta § 10).

Dette vil mellom anna seie at bruk og lagring av radioaktive kjelder må vere slik at risiko for tjuveri av eller sabotasje på kjeldene skal vere minst mogleg.

Rom der radioaktive kjelder vert lagra skal vere låst og tilgjengeleg berre for nokre få personar (jf. strålevernforskrifta § 15). Vidare skal rommet vere merka med standard fareskilt for ioniserande stråling med informativ tekst. Ei oversikt over kva kjelder som finst i rommet skal vere lett tilgjengeleg.

Kontroll og prosedyrar

Det er særleg viktig at internkontrollen i verksemdar som nyttar radioaktive kjelder har prosedyrar som syter for aktiv kontroll med kjeldene, slik at dei ikkje kjem på avvegar eller på andre måtar kjem ut av kontroll.

Statens strålevern oppmodar difor verksemdar som har radioaktive kjelder til å stramme inn rutinar og prosedyrar som alt finst eller utarbeide nye for å betre kontrollen med radioaktive kjelder.

For meir informasjon om regelverket, sjå www.nrpa.no.